

Med Apertium som medspelar i nynorskundervisninga

TEKST *Magne Aasbrenn*

I *Norsklæraren* nr. 1 i år tar styreleiar Aslaug Fodstad Gourvennec opp ei svært aktuell sak for oss som skal lære elevar å *skrive* i ei verd der nye, digitale hjelpemiddel stadig melder seg ved klasseromsdøra. Gourvennec nemner spesielt omsetjingsprogrammet Apertium, som ligg ope og gratis på nett og gir mykje betre omsetjingar frå bokmål til nynorsk nå enn for berre eit drygt år sidan. Kva gjer denne teknologiske nyvinninga med behovet for å lære nynorsk som sidemål? Kva følgjer vil det få for praksis i klasserommet?

Spørsmåla er ein del av eit større bilete. Vi lever i ei tid da vi stadig må ta stilling til kor mykje vi vil la digitale, nettbaserte hjelpemiddel ta over funksjonar i liva våre.

Apertium blei først utvikla i Spania for å gjere regelbasert maskinomsetjing mellom nærskylde språk som spansk og katalansk. Seinare har programmet blitt utvida til omsetjing mellom fleire språk, heile tida bygd på open kjeldekode og fri rett til bruk.

Bokmål og nynorsk er to språk som er i nær slekt med einannan, slik spansk og katalansk er det. I 2018 fekk Nynorsk pressekontor (NPK) ei ekstra løyving frå Kulturdepartementet til å bygge vidare på programmet. Til dagleg blir det kalla «nynorskroboten». Pressekontoret har nå fått eit hjelpemiddel som lett omset NTBs nyheitsnotisar frå bokmål til nynorsk. Ei språkleg kvalitetssikring må alltid til, men tida det tar å produsere enkle nyheitssaker på nynorsk, har gått dramatisk ned. Dette materialet går òg rett inn i Språkbanken og er med på å styrke norsk språk generelt og nynorsk spesielt.

Fordi det er eit krav som følgjer statsstøtta, og fordi Apertium krev open kjeldekode, skal dei tekniske forbetringane som kjem ut av dette, vere fritt tilgjengelege

på nett til fri og gratis bruk. Alle som vil, finn ressursen på apertium.org.

I stadig fornya utgåver har Apertium komme mykje lenger enn til berre å erstatte «ikke» med «ikkje» og «jeg» med «eg». Nå blir «jentas bil» automatisk til «bilen til jenta», og skriv du inn «Boken kostet fem hundre kroner. Den var dyr», så blir det omsett til «Boka kosta fem hundre kroner. Ho var dyr.» Altså med rett pronomen styrt av subjektet i føregåande setning.

I 2016 opplevde eg at elevane mine i Fredrikstad «juksa» med hjelp av den dåverande utgåva av Apertium. Eg avslørte dei fordi dei brått byrja å skrive med konsekvent a-infinitiv, noko som elles er sjeldan sett i Østfold. Dette kan eg ikkje ta dei på lenger, for nå kan dei stille inn på førehand om omsetjingane dei ber om, skal ha a-infinitiv eller e-infinitiv.

Så heretter er det berre å overlate omsetjing bokmål-nynorsk til nettet, så slepp folk å lære å skrive nynorsk som sidemål?

Det er ikkje så enkelt. I diskusjonar om dette viser eg til lommekalkulatoren. Lommekalkulatoren har eksistert sidan 1970-talet, og nå er han å finne som app på alle mobiltelefonar. Men framleis i 2020 har barn og unge addisjon, subtraksjon, deling, multiplikasjon og prosentrekning på skolen.

Grunnen er at uansett teknologi så treng folk generell talforståing. Utan den forståinga blir dei ute av stand til å sette opp reknestykka teknologien skal løyse, og dei kan heller ikkje kontrollere svara teknologien gir dei. Det er ikkje nok berre å vite kva for knappar ein skal trykke på.

Like lite som vi kan «av-oppfinne» kalkulator-hjelpe-

middelet, kan vi «av-oppfinne» automatisk, digital omsetjing frå bokmål til nynorsk. Dermed bør vi sjå på Apertium slik mattelærarane ser på kalkulatoren. Det tyder at «nynorskroboten» på lik linje med kalkulatoren bør bli integrert i den faglege aktiviteten i klasserommet. Samtidig gjeld det same som for matematikkundervisninga - utan grunnforståing og oversiktskunnskapar blir sluttresultatet lett veldig feil om teknologien er aldri så god.

Til eksamen er ikkje omsetjingsprogram tillatne, og det gjer at regelen framleis må vere at når elevvar skriv tekstar dei skal få tungtvegande karakter på, så må Apertium vere stengd. Likevel finst det mange høve i skolekvardagen der programmet kan trekkast inn. Med ope nett i timen har elevane også tilgang til mange andre språkressursar, og dermed opnar det for arbeid med nye læreplanpunkt som ber oss om å «Sammenligne særtrekk ved norsk med andre språk og vise hvordan språklige møter kan skape språkendringer» (Vg1) og «Bruke fagspråk til å beskrive særtrekk ved norsk sammenlignet med svensk, dansk og norrønt» (Vg2).

For å vere så konkret som råd, skisserer eg nedanfor to undervisningsopplegg med Apertium som ein integrert del av undervisninga. Eg håpar at desse døma kan inspirere til vidare idedugnad om korleis omsetjingsteknologi kan bli ein digital medspelar i sidemålsopplæringa.

Opplegg 1. Ei undersøking av bruk av -else-ord i bokmål, nynorsk og dansk

Målet for dette opplegget er at elevane skal lære å sjå samanhengen mellom språkhistorie og syntaks og ordval i dansk, bokmål og nynorsk i dag.

1. økt: Repetisjon av ordklassar: verb, substantiv, adjektiv, adverb osv.
2. økt: Repetisjon av setningsledd: verbal, subjekt, objekt osv.
3. økt: Kort gjennomgang av språkhistoria:
 - Frå norrønt til dansketid til Ivar Aasen til jamstillingsvedtaket til dei to norske skriftspråka i dag
 - Den tysk-danske tradisjonen med å legge mykje av setningsinnhaldet i substantiv. Ikkje «undersøke», men «foreta en undersøkelse».
4. økt: Ei samanlikning av bruk av ordklassar. I dansk og bokmålsk tradisjon blir, som sagt i førre økt, mykje av setningsinnhaldet lagt i substantiv. Nynorsk (og engelsk) er språk der verbet skal «gjere jobben»! Om ein ikkje vil at verbet skal gjere jobben, kan ein la eit -else-substantiv uttrykke same budskap.
 - a) Oppgåve til elevane: Finn 4 else-substantiv på bokmål. Finn deretter ut kva dei heiter på dansk ved hjelp av Den danske ordbog på nett. (<https://ordnet.dk/ddo>) (Om dei søker på for eksempel bm. «utsettelse» i denne ordboka, får dei opp forslaget: «Måske mente du «udsættelse»».)

Tenkt elev-svar:

Bokmål	Dansk
forelskelse	forelskelse
påminnelse	påmindelse
utsettelse	udsættelse
skuffelse	skuffelse

b) Lag setningar på bokmål med dei fire else-substantiva du har funne:

Tenkt elev-svar

Jeg opplevde en forelskelse.

Han ga meg en påminnelse.

Bystyret vedtok utsettelse.

Showet var en skuffelse.

c) Legg desse bokmålssetningane inn i Apertium og set om til nynorsk

Dei tenkte elev-døma vil bli omsette slik i Apertium:

Eg opplevde ein forelskelse.

Han gav meg ei påminning.

Bystyret vedtok utsetjing.

Showet var ein skuffelse

d) Sjekk om Apertiums-svaret er korrekt nynorsk ord for ord med hjelp av Nynorskordboka på nett. Finn du eit anna ord for det Apertium har omsett feil? Erstatt det.

e) Gjer setningane frå Apertium til setningar på nynorsk med aktive verb (utan -else-ord) og gjerne med eit objekt:

Tenkte elev-svar:

Eg opplevde ein forelskelse. -> Eg forelska meg i

Han gav meg ei påminning. -> Han minnte meg på møtet.

Bystyret vedtok utsetjing. -> Bystyret utsette saka

Showet var en skuffelse. -> Showet skuffa meg.

Her ser vi at -else-orda kan brukast om ein ikkje vil skrive kven eller kva handlinga i ei utsegn gjeld. Dermed blir ei setning «som lar verbet gjere jobben» som regel klarare og meir tydeleg. Da blir det også betre nynorsk!

f) Bruk dei nynorske versjonane til å skrive det same på bokmål med aktive verb og utan -else- ord. Er ikkje dette også meir informativt på bokmål? Korleis ville du *sagt* dette meiningsinnhaldet?

g) Ekstraoppgåve til tidleg ferdige:

Korleis ville du sagt dette på engelsk?

Opplegg 2. Finn feila nynorskroboten gjer og forklar kvifor han gjer desse feila

Målet her er å gjere elevane meir medvitne om språklege detaljar og om avgrensingane teknologi har. Det vil

fungere godt som ei tevling mellom grupper der grup-
pene både kan få poeng for å finne feila Apertium gjer
og poeng for å komme med ei plausibel forklaring på
kvifor feila har oppstått.

Kvar gruppe får eit ark med tre-fire utdrag frå ekte
omsetjingar som Apertium har gjort, der alle avsnitta
har minst éin feil. Elevane skal saman finne feilen.
Hjelpemiddel: ordbok på nett eller papir (læraren pro-
duserer lett desse eksempla med å køyre avistekstar og
liknande gjennom Apertium).

Som illustrasjon legg eg ved eitt slikt døme, tilfeldig
tatt frå VG-nett 27.07.2020.

*Oppgåve: Finn omsetjingsfeilen Apertium gjer og forklar
kvifor denne feilen oppstår.*

Originalversjon i VG:

*Mye tyder på at søppelproblemet er blitt større
denne sommeren. Coronasituasjonen gjør at
rekordmange ferierer i eget land. Mange kjører
rundt i bil, og folk som aldri har brukt naturen i
særlig grad, bor i telt, hengekøyer og campingvogn.*

Lar du Apertium omsetje, blir dette resultatet:

*Mykje tyder på at søppelproblemet har vorte
større denne sommaren. Coronasituasjonen gjer
at rekordmange ferierer i eige land. Mange køyrer
rundt i bil, og folk som aldri har brukt naturen i
særleg grad, bor i telt, hengekøyer og campingvogn.*

«Fasit»:

Feilen her er «bor», og han oppstår truleg fordi ordet
bor også finst på nynorsk, som namnet på ein reiskap.
Det rette skal vere «bur», etter verbet «å bu». Ein kan
også få ein debatt om stavinga corona/korona.

Korleis kan ei prøve (med ope nett) sjå ut om ein tillet open bruk av Apertium?

Som nemnt må eksamensførebuande skrivning framleis
gå føre seg utan omsetjingsprogram, slik at elevane
på rettferdig vis skal få vise skriveferdigheitene dei
sit inne med. Samtidig går det fint an å tenke seg at
«lovleg» Apertium og ope nett kan brukast til vurde-
ringsssituasjonar. Her er eit framlegg til ei slik prøve:

Ei lita prøve om dansk, bokmål og nynorsk

1. Sjå dette utdraget frå den danske avisa Politiken i går.
Kva for eit substantiv er i bruk her som er korrekt i dansk
og bokmål, men ikkje på nynorsk? (Fasit: «deltagelse»)

*Følg pressemøde fra Statsministeriet med delta-
gelse af blandt andre statsminister Mette Frederik-
sen (S), sundhedsminister Magnus Heunicke (S)*

2. Set den danske teksten direkte om til bokmål. Bruk
nettet og finn ut kva «sundhedsminister» heiter på norsk.
3. Legg bokmålsteksten inn i Apertium.
4. Kva føreslår Apertium på nynorsk?
5. Lag ein ny versjon av den nynorske teksten der det er
verbet som «gjer jobben».
6. Skriv denne setninga også på bokmål i ei setning der
verbet «gjer jobben».
7. Korleis ville du sagt dette meiningsinnhaldet til ein
venn?
8. Gå gjennom dei same stega som i oppgåva ovanfor,
men gjer det med ei setning med eit anna -else-ord du
sjølv finn på nett hos ei dansk avis.

Sluttkommentar

Her har eg lagt fram nokre idéskisser til kva ein kan
gjere med ope nett og ope Apertium i klasserommet. Eg
håpar dei viser at programmet kan opne for fruktbare
og lærerike diskusjonar rundt ordval og syntaks i dei to
skriftspråka våre. Invitasjonen til ei meir direkte jam-
føring mellom bokmål og nynorsk kan gjere bokmålet
til elevane klarare, meir medvite og mindre kanselli-
prega. Slik oppfyller ein også punkt i den nye læreplan-
en for Vg1 og Vg2.

I språkutforskning med ope nett blir det lettare å
trekke inn eksempel på dansk skrift, slik at det nære
sambandet mellom bokmål og dansk blir tydeleg for
elevane, noko som igjen kanskje gjer det lettare å moti-
vere for nynorsk.

Det er grunn til å tru at lærarar og elevar i samarbeid
kan bruke den nye teknologien til kreative og lærerike
grep som styrkar opplæringa. Eit grunnproblem i under-
visninga i nynorsk som sidemål er motivasjon. I staden
for at omsetjingsprogram skal føre til enda fleire «Kva er
vitsen ...», så vil eg legge inn eit ord for at medviten bruk
av Apertium både kan gjere timane meir morosame for
elevane OG bidra til at dei får ei djupare språkforståing.



Magne Aasbrenn

Magne Aasbrenn underviser i
norsk og kommunikasjon og kultur
ved Frederik II vidaregåande skole
i Fredrikstad. Han har vore tilsett ved skolen
sidan 1985. Aasbrenn var leiar i Noregs Mållag
2016–2020 og arbeidde mykje med spørsmål
om kva verknad innføringa av digitale læremid-
del har på opplæringa i nynorsk som hovudmål
og sidemål.